

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

- Avsender: Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd
- Høringsinstans: Kirkelig fellestråd og menighetsråd med fellestrådsfunksjoner
- Ønsker å ta stilling til høringen: **JA**

Avgitte svar

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn

jf. kap. [6](#), [8](#), [18](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Ynskjer meir presisering av mandat for kyrkjelege organ i Dnk

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene

jf. [kap. 7](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn"

jf. [kap. 7](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☐ Ikke viktig
☒ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves

jf. [kap. 18](#) og §§ [2](#) og [3](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

*grensa for tal medlemmar kunne
gjernge vore noko lågare*

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☐ Ikke viktig
☒ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller

jf. [kap 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

jf. [kap. 7](#) og [19](#) og [§§ 3](#) og [4](#)
forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke

jf. [kap. 13](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

12. Tilskudd til investeringer av Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Som berekningsmodell er dette ok, men det er lite dekkende for å vurdere utgifter til kyrkjer med store kulturminneverdiar</i>

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Korleis reguleringsgrunnlaget skal utreknast/kva som skal inngå i reguleringsgrunnlaget bør spesifiserast i forskrift</i>

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Korleis reguleringsgrunnlaget skal utreknast/kva som skal inngå i reguleringsgrunnlaget bør spesifiserast i forskrift</i>

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet

jf. [kap. 15](#) og [§ 6](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☐ Viktig ☐ Ikke viktig ☒ Ingen oppfatning	

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven

jf. [kap. 8](#) og [§§ 8 – 16](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	Bør også innehalde oppgaver for soknet sine organ

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse

jf. [kap. 8](#) og [§§ 10 og 11](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☒ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	Støttast, MEN føreset då at soknet sine hovudoppgåver vert fastsett i lov. KM sin organiseringskompetanse skjer då innanfor dei råmene kyrkjelova gir heimel for etter at ansvarsfordelinga er fastlagt i lov. Viser også til utfyllande høyringssvar - lagt inn i kommentarfelt på spørsmål 28.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg

jf. [kap. 8](#) og [§ 13](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Føreset at soknet er forvaltar av egne bygg og at det ikkje skjer ei sentralisering av forvaltningsansvaret slik delar av høyringsnotatet legg opp til.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentlighetsloven og arkivloven skal gjelde for kirken

jf. [kap. 8](#) og [§ 16](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det må utgreiast kva rekkjevidde eit vedtak i Kyrkjemøtet vil ha først.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent

jf. [kap. 10](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Dersom det skal innførast medlemsavgift, bør denne vere lik på landsplan og ikkje variere ut frå kvar ein bur. Støttar i utgangspunktet ikkje innføring av medlemsavgift.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres

jf. [kap. 8](#) og [§ 9](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Soknet sine oppgaver må forankrast i lovtekst

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom

staten og kommunene føres videre, eller b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke?

jf. [kap. 9](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre. ☐ b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke.	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Kommunen sitt økonomiske ansvar må bli tydeleggjort i lovtekst, og mottakarorganet må også lovfestast. Risiko for maktforskyving og sentralisering dersom staten overtek det ansvaret kommunene har i dag. Den lokalkyrkjelege nærleiken og kontakten med kommunen vert svekka, og risiko for at den lokale folkekyrkja vert forvitra.</i>

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

jf. [kap. 19](#)

forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Einig i at kyrkja beheld ansvaret. Ynskjer lovfesting av kyrkjeleg forvaltningsorgan som part overfor kommune og pårørande. Viser til utfyllande høyringssvar - lagt inn i kommentarfelt på spørsmål 28.</i>

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Kommunane bør ikkje einseitig kunne overta ansvaret. Sokna sine organ må bli gitt plass i prosessen. Viser til utfyllande høyringssvar - lagt inn i kommentarfelt på spørsmål 28.

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Kopi av Bjørgvin Bispedømmeråd si grunngjeving - som vi stiller oss bak: Kyrkja sitt ansvar for dette i dag, fungerer bra. Sidan det er kyrkjelege organ som forvaltar gravplassdrifta lokalt, er det naturleg at også kyrkjelege organ stå for godkjenningssaker. Framlegget om å overføra dette til fylkesmannen kan gje meining dersom lovgjevar ser for seg at mange kommunar vil søkja om å få ta over den lokale gravferdsforvaltninga. Det vil likevel vera stort nok volum på slike saker til å forsvare at både fylkesmannen og Den norske kyrkja (i dag ved bispedømmerådet) forvaltar slike saker. Dei fleste gravplassar er «kyrkjegardar» som ligg ved kyrkjene, og då soknet er eigar av dei fleste gravplassane, er det unaturleg at fylkesmannen skal gjera vedtak om plan for gravplassen og liknande (gravferdslova § 4). Vi trur også det vil føra til auka byråkrati, fordi fylkesmannen i si forvaltning vil vera avhengig av kyrkja si forvaltning. Vedtak om endring i plan for gravplassen vil krevja at ein høyrer den andre parten som har ansvar for kyrkjebygget. Det betyr at både fylkesmannen og kyrkja må ha kompetanse. Organiseringa av arbeidet knytt til desse sakene kan ein gjerne sjå på internt i kyrkja. I eit saksframlegg til kyrkjerådet står det

*at fylkesmannen som ei subsidiær
løysing kan ha mynde som
klageorgan, medan kyrkja beheld
rolla som godkjenningsorgan. Dette
er ei løysing Bjørgvin bispedømeråd
ikkje vil vera imot, om det skulle bli
aktuelt. Erfaringa vår viser at det er
nødvendig at kyrkja og
gravplassane har sin «talsmann» i
saker knytt til kulturminnevern og
kommunale planar og byggesaker.
Det mest effektive er då at Den
norske kyrkja framleis er offentleg
høyringsinstans i slike saker, med
motsegnrett.*

Kommentarer

Høyring - Ny lov om trus- og livssynssamfunn Viser til motteke høyringsdokument på forslag som inneberer ein samla revisjon av lovgiving og tilskotsordningar for Den norske kyrkja og dei øvrige trus- og livssynssamfunna. Viser også til våre svar i spørjeskjemaet med dei 28 spørsmåla, men ynskjer her å utdjupe nokre punkt me meiner er sentrale og som vil ha særleg verknad for Den norske kyrkja. Organisering av kyrkja: Forslaget legg opp til at kyrkja skal ha to lovbestemte organ, Kyrkjemøtet og soknet, og gir elles Kyrkjemøtet mandat til å vedta framtidig organisering av Dnk. Soknet består i dag av to organ på same forvaltningsnivå, sokneråd og fellesråd. Fellesrådet tek på seg oppgåver på vegne av soknerådet, men er ikkje overordna soknet. Fellesrådsmodellen har vore og er ein suksess. Suksessen er at kyrkja har vorte profesjonell innanfor personalforvaltning, økonomiforvaltning, bygningsforvaltning og gravferdsforvaltning. Dei aller fleste stader ligg denne forvaltninga på eit høgt nivå. Kyrkja har aldri hatt så god kompetanse på desse områda før, og det var det den kyrkelova me har i dag skulle få på plass. Me fryktar at eit eventuelt kyrkjemøtevedtak på å oppretthalde ei organisering med å ha to organ på soknet sitt forvaltningsnivå, vil stå betydeleg svakare enn om det er lovfesta. Det er ikkje belyst gjennom høyringsnotatet kva konsekvensar ei eventuell nedlegging av fellesråda vil ha for dei fellesrådstilsette. Om lag 5000 personar på landsplan har i dag eit fellesråd som arbeidsgjevar. Arbeidsrettsleg kan det få store fylgjer for desse tilsette dersom fellesrådet ikkje lenger vert eit lovpålagt organ. Ei endring der t.d. arbeidsgjevaransvaret for desse vert lagt på eit sokneråd, trur me også vil ha store konsekvensar for rekruttering av medlemar som seier seg villige til å sitje i dei lokale sokneråda og til å stille til val. Særleg kan dette få konsekvensar for små sokn. Me ynskjer difor at det vert lovfesta at det skal vere to organ for soknet, fortrinnsvis sokneråd og fellesråd. Lovforslaget legg ingen oppgåver eller ansvar til soknet sine organ som samsvarar med §§9 og 14 i dagens kyrkelov. All mynde til å fordele oppgåver på organa for soknet er lagt til Kyrkjemøtet. Me oppfattar dette som ein ubalanse mellom sjølvstenda til soknet og kyrkjemøtet som overordna organ. Soknet sin status som ansvarleg organ blir ikkje synleggjort. Det vil kun vere Kyrkjemøtet som kan vedta kva oppgåver soknet kan få. Me ynskjer difor ei presisering i lovteksten som seier noko om kva oppgåver som er lagt til soknet. Finansiering: Ordninga med ein kombinasjon av statleg og kommunal finansiering av Dnk bør vidareførast. Dette vil bidra til å sikre den historiske nærleiken mellom kyrkje og lokalsamfunn, og trygge ein lokalt forankra kyrkjeorganisasjon. Den lokale kyrkja og kommunen har i mange høve den same målsetjinga om å skape eit trygt og godt lokalsamfunn for innbyggjarane. Ei slik felles målsetjing og nærleik og lokalkunnskap til det som skjer i lokalsamfunnet, er drivkrefter i eit felles arbeid. Det er slege fast i Grunnlova at Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkjande folkekyrkje. I dette meiner me at det også ligg ei forplikting på at kyrkja skal vere ein samfunnsbyggjar i lokalsamfunnet, og ein positiv aktør som bidreg til betre levevilkår for dei som bur der. Dette meiner me blir best ivareteke gjennom eit tett samspel mellom den lokale kommunen, kyrkja og lokalsamfunnet. Ei lokal finansieringsordning gjer det også lettare å ta omsyn til lokale forhold. Kyrkelova § 15 fastslår det økonomiske ansvaret kommunen har i dag overfor den lokale kyrkja. Dersom ein samanliknar denne paragrafen med den nye §12 i trussamfunnslova, blir dette økonomiske ansvaret tydeleg svekka. Det kommunale ansvaret er der avgrensa til å støtte finansiering av kyrkjebygg, gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar. All aktivitet i kyrkjelyden ut over dette har ikkje kommunane lenger noko ansvar for. Dette vil få store konsekvensar for den kyrkjelege aktiviteten og kyrkja sitt bidrag som positiv samfunnsbyggjar i lokalsamfunnet. Me meiner at dette vil bidra til å redusere det tilbodet kyrkja kan yte overfor lokalsamfunnet og dei som bur der. Me fryktar at dette legg grunnlaget for redusert offentleg innsats overfor Dnk, og ser dette som svært uheldig. Sidan lovforslaget heimlar kun offentleg tilskot til prestetenesta, kyrkjebygg og gudstenester/kyrkjelege handlingar, er det nærliggande å tru at trusopplæring, diakoni, kultur, dagleg leiing m.m. fort kan bli vist til kyrkja sin heimel for å påleggje medlemsavgift eller til finansiering gjennom gåvemidlar, innsamla midlar m.m. Oppgåver som trusopplæring, diakonalt arbeid og kyrkjemusikk er direkte forankra i Kyrkelova i dag. Dette er sentralt for å sikre ei vidareføring av det lokale kyrkjelege arbeidet, og slik bidra til at kyrkja framleis kan vere ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Me ynskjer difor ei tydeleggjering i lovteksten kva den offentlege finansieringa skal ivareta, og at denne liknar meir på §15 i Kyrkelova. Ynskjer ikkje ei innføring av medlemsavgift. Gravferdsforvaltning. Sjølv om lovforslaget vidarefører at hovudmodellen skal vere at kyrkja framleis skal ha gravferdsforvaltninga, gir det opning for at dette kan overtakast av kommunen dersom kommunen ber fylkesmannen om dette – uavhengig av kva den lokale kyrkja måtte meine om det. Dette ser me på som uheldig, og nærast som eit overtramp mot ei ordning som har vist seg å fungere veldig godt – noko som også er sagt i høyringsnotatet. Kommunen bør ikkje einsidig kunne overta gravferdsforvaltninga utan at soknet sine organ blir gitt ein

plass i den prosessen. Me støttar ei vidareføring av lokal kyrkjeleg gravferdsforvaltning, Kyrkjebygg. Lovforslaget held fast på at soknet «eig» kyrkja. Det vert likevel overlate til Kyrkjemøtet å bestemme alle forhold knytt til forvaltninga av bygget. Fellesrådet er ikkje lenger eit lovpålagt organ, og det vert på den måten lagt opp til ei sentralisering av eigedomsforvaltninga. Konsekvensane av å ta ifrå soknet som kyrkjeieigar ansvaret for eigne bygg er det ikkje sagt noko om. Svært mange kjenner ei sterk tilknytning og stoltheit til kyrkjebygget på heimstaden sin. Dette gjeld gjerne også dei som ikkje er medlemar av Dnk. Kyrkjebygga er mange stader eit symbolbygg og ein kulturberar. Funksjonen til kyrkjebygga er langt meir enn å vere ein gudstenestestad og ein arena for eit trussamfunn. Mange stader kan ein samanlikne kyrkjebygget med kulturhuset/folkets hus i kommunen. Kyrkja har også hatt ein stor verdi som samlingsstad ved ulukker og katastrofar, der folk samlast for å tenne lys, søkje fellesskap, ro og ettertanke. Ein slik sterk tilknytning til lokalsamfunnet gjer det naturleg at kommunen også har finansieringsansvaret for sine lokale kyrkjer. Stavkyrkjene. Stavkyrkjene er unike bygg i norsk kulturarv, og vårt fellesråd har ei slik stavkyrkje i Kaupanger sokn. Staten har frå 2005 ytt særskilt tilskot i statsbudsjettet til sikring av stavkyrkjene via Riksantikvaren. Sikringsarbeidet er ikkje avslutta, men er eit kontinuerleg arbeid. Stavkyrkjene er Noregs viktigaste bidrag til verdsarven, og må difor handsamast i ein særstilling. Me ynskjer difor ei vidareføring av staten sitt særskilte tilskot til vidare sikringsarbeid av stavkyrkjene, og at tilskotet vert halde utanom rammetilskotet til Dnk. Ein bør også opprette eit eige tilskot for andre kyrkjer med særskilt store kulturminneverdiar. Til slutt. Kyrkjemøtet har bedt om ei forenkling av dagens lovgjeving, og me er innforstått med det, men den nye lova må sikre at fleire av hovudtrekka ved dagens lokalkyrkjelege organisering vert vidareført. Vår vurdering er at lovforslaget endrar vesentlege trekk ved Dnk på ein slik måte at det svekkjer soknet som kyrkja si grunnleggjande eining, og slik også den lokale verksemda. For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd Jorunn Merete Haukås-Eide Kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger